

Averøy kommune  
Postboks 152  
6538 AVERØY

Dykkar ref: 2019/992  
Vår ref: 2019/88339  
Dato: 11.04.2019  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



## HØRING - SØKNAD OM KONSESJON FOR OPPDRETT AV HJORT - GID 122/5

Mattilsynet har motteke anmodning om høringsuttale vedkomande konsesjonssøknad for oppdrettshjort på Averøya, søkjar Olav Magne Johansen.

Oppdrett av hjort er ikkje godkjenningsspliktig hos Mattilsynet. Slikt dyrehald er registreringspliktig, det må stette Dyrevelferdslova sin krav til dyrevelferd, og regelverk kring merking, helse og forebygging av sjukdom må stettast. Alt frambod/omsetning av kjøt krev at dyr er slakta på godkjent slakteri og er kontrollert og godkjent av Mattilsynet.

Mattilsynet har nokon få merknadar til det som kjem fram av søknaden.

### Tilgang til livdyr:

Forskrift om tiltak for å begrense spredning av Chronic Wasting Disease (CWD) set i dag forbod mot å overføre livdyr av oppdrettshjort over fylkesgrensene i Norge. Det er i tillegg fastsett ei grense gjennom trøndelagsfylka der dyr ikkje kan flyttast over grensa sørfrå. Forbodet set også begrensing på overføring av livdyr ut av oppdrett i tre år om dyr er blitt tillete teke inn.

#### § 4a. Forbud mot å flytte andre levende hjortedyr enn tamrein mellom fylker

Det er forbudt å flytte andre levende hjortedyr enn tamrein fra et fylke til et annet. Forbudet gjelder ikke for flytting av hjortedyr direkte til slakteri i Norge.

Mattilsynet kan likevel gi tillatelse til permanent flytting av oppdrettshjort fra områder der Chronic Wasting Disease ikke er påvist til et annet fylke for å unngå innavl. Det må fremlegges dokumentasjon på selgerflokkens helsestatus, herunder informasjon om innfangede dyr, for de siste tre årene. Tillatelse kan ikke gis for flytting av hjortedyr fra et sted sør for grensen angitt i vedlegg 2 til et sted nord for grensen. Videre flytting av hjortedyr fra mottakerbesetningen, unntatt flytting direkte til slakteri, er forbudt i tre år fra tidspunktet dyret ble mottatt.

Det er få hjorteoppdrett i Møre og Romsdal, ein vel av fylket vårt er også innan ei CWD-sone, Gjemnesregionen. Dette kan gje utfordringar for rekruttering av livdyr til oppstart.

Rekruttering av vill hjort krev løyve, men ikkje frå Mattilsynet. Vill hjort vil ikkje kunne rekrutterast frå anna fylke.

### Areal:

Mattilsynet har ikkje noko konkret å gå ut frå med omsyn til kva areal det er behov for per dyr i hjorteoppdrett.

Det opplyst i søknaden at innmark vil delast i tre hegn. Med omsyn til mulegheit til å få god førtilgang og mindre parasittbelastning er det ein klar fordel at beite delast opp i fleire deler.

Det er også ein klar fordel om ein del utmark også inkluderast for mulegheit for å gje dyra mest muleg naturleg levemiljø. Etter det som kjem fram at søknaden ser det ut til at dette er planlagt.

### Krav til husrom:

Hjorteoppdrett er ikkje regulert ved eigen velferdsforskrift. Lov om Dyrevelferd § 23 set krav til at alle eigde dyr i Norge skal ha tilgang til eigna husrom. Normalt blir det nytta enkelt dyrerom, med minimumskrav tre tette veggjar og tak. Dispensasjonar skal ikkje gjevast, og vi kjenner heller ikkje til at det nokon stad er gitt slik.

I suppleringskriv til søknaden kjem det fram at det er planlagt etablert eit fangst- og håndteringsanlegg i det som har vore gjødselkjellar i underetasjen i driftsbygninga. Det er uklart om dette også skal fungere som husrom. Skal rom kunne fungere som husrom for hjort er det viktig at det er stor nok opning inn, at det er lyst nok, og underlag kan ikkje vere varmeledande; dvs ikkje av udekt stein, betong eller grus.

### Helse:

Søklar skriv at dette er ein kortreist og dyrevennleg produksjonsform.

Det er ved drift med oppdrettshjort i realiteten hald av dyr som er naturleg viltlevande, i avgrensa inngjerda område.

Det har i alle fall til no vore lite bruk av antibiotika i slike dyrehald.

Parasittbelastninga vil normalt bli større enn på dyr som er viltlevande, med påfølgande behov for behandling.

### Marknad:

Mattilsynet har ikkje kjennskap til marknaden for kjøt frå oppdrettsvilt i dette området, nett fordi slikt produkt ikkje har vore på marknaden her.

Det er elles i området god tilgang til hjortekjøt frå viltlevande vilt felt under ordinær jakt.

### Slakting:

Søklar skriv at slakting vil skje eksternt og med retur av heile slakt og aktuell innmat. Det er ikkje opplyst kva slakteri som er tenkt nytta.

Lang transport av oppdrettshjort til slakteri er lite aktuelt med omsyn både til velferd og med omsyn til kvalitetsforringing av kjøt om dyr blir stressa under transport.

Det er ikkje slakteri i nærleiken som per i dag driv med slakting av oppdrettshjort, eit anlegg i avdelingsområdet vårt har godkjenning for slakting av oppdrettsvilt men er ikkje kontakta i saka.

Normalt vil ein ved denne typen drift avlive dyr i hegn før transport til slakteri. Dette krev dispensasjon frå krav til svæving før avliving. Dispensasjonar er mulegheit til unntak frå ein regel, og skal ikkje gjevast utan at det er heilt naudsynt og blir vurdert som sikkert og trygt. Ivaretaking av både dyrevelferd og mattryggleik vil da vurderast.

Som oftast vil ein lande på ei ordning der dyra blir avliva i hegn ved skyting frå kloss hold, og verksemda kan sørge for at dette gjennomførast på ein trygg nok måte. Transport til slakteri må i så fall også vere kort om ikkje kjøt skal forringast av tida som går frå avliving til ferdig utslakting,

vanlegvis er to timar eit maksimum tak. Tid reknast frå første dyret er skote til ein kjem fram til slakteri, samt at utslaktingstida per dyr på mottakande anlegg også vil spele inn.

**Note:**

Mattilsynet kommenterer at vi har motteke kopi frå Fylkesmannen om innvilga konsesjon. Denne er motteke før høyringsfristen var ute 24.05.2019.

Med helsing

Beate Lillebostad  
seniorinspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*